

**Notat**

Dato: 13.06.2019  
Arkivsak: 2016/2550-47  
Saksbehandlar: inggase

---

<b>Til:</b>	Utval for kultur, idrett og regional utvikling Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Stortinget sin utgreiingsseksjon - Finansiering av musea**

Saka er ein del av oppfølging av saksframlegget «Museumsreforma i Hordaland – dei konsoliderte musea – offentlege tilskot – fordeling stat, fylke, kommune» handsama i Fylkesutvalet 03.05.2018, PS 105/2018, der det vart gjort vedtak om at:

«Fylkesutvalet meiner dei statlege tilskota til dei konsoliderte musea i Hordaland må aukast minst tilsvarande snittet for resten av landet. Fylkesutvalet ber administrasjonen legge til rette for dialog med staten om medansvar og framtidig finansieringsmodell.»

Det er og ei oppfølging av saksframlegget «Statlege tilskot til dei konsoliderte musea i Hordaland» handsama i Fylkesutvalet 31.05.2018, PS 140/2018, der det vart gjort vedtak om at:

«Fylkesutvalet forventar at staten aukar det samla statlege tilskotet til dei konsoliderte musea i Hordaland til minst tilsvarande snitt for resten av landet før regionreforma vert gjennomført i 2020.»

Fylkesrådmannen gjer merksam på at kolonne som gjeld *netto driftsutgifter til museum i kommunene* i tabell 1, 2 og 3 inkluderer både dei lokale musea/samlingane som får tilskot frå kommunane og konsoliderte, regionale musea som får driftstilskot frå stat og fylke.